

---

Saksnr: 2020/45563-10  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

---

**Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning, ønskjer lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.

**Samandrag**

Forvaltningsrevisjon innan kuturminneforvaltning har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved eit tidlegare høve og ved tre tidlegare høve av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, på bakgrunn av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 13.06.2019. I denne saka vert difor kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune invitert til å ta stilling til den femte oppfølginga av forvaltningsrevisjonen.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

1 Statusrapport 4 - oppfølging forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 27/19 i møte 13.06.2019:

*På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

- 1. Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak*
- 2. Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga*
- 3. Gjennomføre risikovurderingar knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga*
- 4. Gjennomgå og tydeleggjere rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator*
- 5. Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningsliner, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for*
- 6. Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha*
- 7. Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea*
- 8. Sikre etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker*
- 9. Sikre at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar*
- 10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 07.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.*

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved eit tidlegare høve og ved tre tidlegare høve av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune der det i møte i kontrollutvalet 15.02.2021 vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at fylkesrådmannen sidan sist rapportering nesten er ferdig med forbetningsarbeidet når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning.*
- 2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging for punkta 5 og 6 til møte i utvalet 22.03.2021.*
- 3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 08.03.2021.*

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med revisjonsrapportar blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e.

Rapportering til fylkestinget i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for fylkestinget til godkjenning.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 08.03.2021 frå fylkesrådmannen som inneheld ny orientering om status på oppfølging av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning. Av notatet har sekretariatet merka seg at det meste av forbetningsarbeidet no er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vera nøgd med det arbeidet som er gjort, ønskje lukke til i det vidare arbeidet og seie seg ferdig med saka.

### Konklusjon

Som konklusjon på det som kjem fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning, ønskjer lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.